



LINDÅS KOMMUNE
Kvernhusmyrane 41
5914 ISDALSTØ

Dato: 18.10.2019
Vår ref.: 2019/14455-17
Saksbehandlar: andask_
Dykker ref.: helen.gjerde@lindas.kommune.no

Att. helen.gjerde@lindas.kommune.no

MIDLAR TIL UNIVERSELT UTFORMA MØTEPLASSAR I REGIONSENTRA 2019 TILSEGN OM TILSKOT PÅ INNTIL KR 300 000 TIL UNIVERSELT UTFORMA MØTEPLASS I KNARVIK - UU-2019-159.

Vi viser til søknaden dykker med prosjektplan, datert 17.09.2019, om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 300 000 til prosjektet fra budsjettet for Midlar til universelt utforma møteplassar i regionsentra 2019.

For at tilsegsna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt.

Tilsegsna gjeld til 01.09.2021. Eventuell søknad om forlenging av tilsegsna må sendast sakshandsamar før denne dato.

1. Prosjektgrunnlag

Følgjande opplysningar er henta frå sokjar si beskriving av søknaden;

Bakgrunn

Nordhordland blir ein spanande region å følgje med på i tida framover. Regionen har nyleg fått tittelen som Norges aller første UNESCO biosfæreområde, og fokuset på berekraft og folkehelse blir viktig i tida framover. I regionsenteret Knarvik skal vi byggje ein attraktiv og levande by, og arbeidet er godt i gang. Vi ønskjer å skape ein møteplass i sentrum av Knarvik midt mellom gang-aksen igjennom bykjernen og ein planlagt kyststi. Vi ønskjer å utvikle ein møteplass med innbyggjarane på laget. Det skal vere gjennomtenkte og innovative løysingar, der bindinga mellom sjø og land speler ei sentral rolle.

Nordhordland har for tida eitt av landets mest spanande prosjekt for berekraftig utvikling. I år vart regionen Norges aller første UNESCO biosfæreområde (<http://www.nordhordlandbiosphere.no>), som vil danne grunnlag for utvikling av eit berekraftig samfunn i samspelet mellom lokalbefolking og natur. Eit biosfæreområde er tufta på gode verdiar om berekraftig utvikling, og ein UNESCO-status gir heile regionen eit løft. Tverrfagleg samarbeid mellom næringsliv, kommunar, FoU-miljø, lokale organisasjonar og andre aktørar vil danne moglegheiter for nærings- og samfunnsutvikling i heile regionen. Dette er eit strålande utgangspunkt for utvikling av ein ny møteplass midt i Knarvik sentrum.

Utgangspunktet

Områdeplan for Knarvik sentrum (vedtatt i 2015) legg til rette for at Knarvik skal utviklast med bymessige kvalitetar. Målet er at Knarvik over tid skal bli ein attraktiv småby der dei gåande har ei klar prioritering. I planen er det lagt vekt på at Knarvik skal ha gode og funksjonelle byrom godt tilrettelagt for innbyggjarane. Knarvik er nå i endring, med pågående utbygging av nytt Helsehus og omlegging av det lokale vegsystemet midt i sentrumskjernen. Urban transformasjon og framtidsretta løysingar skal skal føre til utvikling av ein levande by. Skal ein få til dette er ein nødt til å skape attraktive møteplassar tilrettelagt med universell

utforming. Områdeplanen legg til rette for utvikling av byrom som tilbyr eit mangfold av kvalitetar for alle. Allmenningen er det sentrale byrommet i sentrum som bind saman dei blå kvalitetane i sør med dei grøne i nord. Det er i dette kryssingspunktet vi treng ein møteplass.

På den aktuelle tomta i Knarvik sentrum planlegg vi bygging av nytt sentralreinseanlegg for avlaupsvatn. Prosjektet er på forprosjektstadiet, med bistand frå Norconsult som ekstern konsulent. Eit fullt utbygd sekundærrenseanlegg vil truleg ha ei grunnflate på omtrent 700 – 900 m². I tillegg trengs det kjøreareal med adkomst og snumoglegheit for lastebilar og semitrailalarar for henting av slam og levering av kjemikaliar. Regulert offentleg areal ligg i eit skrånande terrenget ned mot sjøen, og tilgrensande areal i nordaust er regulert som friområde. Bygging av nye reinseanlegg har ofte potensiale til å få negativ merksemd. I staden for å gøyme bort anlegget ønskjer vi heller å satse og vise det fram. Prosjektet vil sørge for at heile arealet får eit heilskapleg preg der det både er plass til det tekniske anlegget og tilhøyrande uteområde med gitte kvalitetar.

Kommunen jobbar i dag aktivt med å styrke kontakten frå sentrum til sjøen. I den anledning planlegg ein kyststi frå Alversund til Knarvik som skal koplast på gangaksen i sentrum. Arealet som er sett av til friområde og tomt for reinseanlegget sør for turområdet Kvassnesstemma er eit av dei få offentlege areaala med kystlinje. I dette skjæringspunktet finn ein tomta. Tomta skal innehalde det nye reinseanlegget med tilkomstvegar og ein utandørs møteplass.

Utviklinga av eit berekraftig samfunn medfører eit behov for tung involvering av innbyggjarane, næringslivet og frivilligheita. Det er eit behov for å utvikle gode arenaer, samspill og tilrettelegging. I intensjonsavtalen for kommunesamanslåing av kommunane Lindås, Radøy og Meland (2016) blei det vedtatt at regionsenteret Knarvik blir kommunesenter i den nye kommunen. Lokal- og nærsenter vil bli lokalisert på Ostereidet, Lindås, Frekhaug, Vikebø, Manger og Bøvågen. I den nye kommunen skal det leggast til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet. Kommunen skal aktivt søkje om utviklingsprosjekt som kan utvikle felles identitet innanfor nærings- og samfunnsutvikling. Å byggje opp ein sterk identitet tilknytta berekraftig samfunnsutvikling er eit viktig steg mot eit berekraftig samfunn. Vi ønskjer at innbyggjarane skal aktivt delta i både arbeidet med å bestemme kva utforming og kvalitetar møteplassen skal ha, men også få lov til å ta det endelige konseptvalet.

Kva kvalitetar skal møteplassen ha?

Årets Bylivkonferanse i Tønsberg fokuserte på opplevelsesbyen med fokus på oppretting av gode møteplassar. Jesper Bo Jensen i Fremforsk viste at det som folk flest ønskjer i 2019 er å finne roen i ein travel kvardag. Folk har behov for å finne tid til avslapning og å finne tilbake til naturen. Han meinte at norske byar manglar «den nordiske møteplassen», som er tilpassa nordiske verforhold gjerne med overbygg, gode naturlege materiale og lignande. Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026) viser til at god planlegging kan gi møteplassar med både sol, le og vern mot regn og støy. Planen nemner også at den blå-grøne kvalitetene er viktig, og det er nettopp koplingen til sjøen som gjer det aktuelle området så attraktivt.

Ifølgje Marit Jensen, gründer i People & Places, føregår ei omfattande endring i forbrukaradferd. Trenden viser at særleg dei unge i dag ønskjer å eige sin eigen bustad, og ein reknar med at stadig fleire unge i framtida kjem til å bu åleine. Slike trendar viser at møteplassen som eit samlingspunkt mellom generasjonar kjem til å bli ein stadig viktigare del av byrommet. Som inspirasjon til aktuelle funksjonar og utforming har vi mellom anna sett til Hardangerbadet som er eit fleirbruksområde (<http://www.hardangerbadet.no/helsepark-bade-og-symjeanlegg>) der ein samlar mange funksjonar på same stad. I København lagar dei avfallsforbrenningsanlegg med skiheis på taket (<https://www.tu.no/artikler/pa-taket-kjorer-alpinistene-under-brennes-400-000-tonn-soppel/275607>). Slike prosjekt viser at dersom ein kan klare å tenke kreativt og inkludere både folkehelse og berekraft, kan ein få til mykje spanande!

I Knarvik har vi sett på fleire moglegheiter:

- Utandørs badeanlegg i sjøen
- Utsiktspunkt – flott utsikt mot fjorden
- Bruk av taket på det tekniske bygget til for eksempel urban farming – universelt utforma rampe opp på taket
- Amfi som inngår i utviklinga av opplevelsesbyen Knarvik
- Benkar og/eller andre sitjemoglegheiter

Moglegheitene er mange, men det viktigaste i denne fasen er at innbyggjarane skal få vere med på idédugnad og bestemme kva dei ønskjer å bruke området til.

Prosjektmål

Hovudmål:

Å skape ein universelt utforma møteplass i området på og rundt det kommande reinseanlegget i Knarvik sentrum.

Delmål:

Å involvere innbyggjarane og andre lokale aktørar i utviklinga av møteplassen

Å skape eit godt omdømme for eit område og eit teknisk reinseanlegg for avlaup som fort kan generere negativ merksemad

Å sørge for at møteplassen vert attraktiv for fleire generasjonar innbyggjarar

Møteplassen i Knarvik skal ha desse kvalitetane

- Universell utforming og god tilgjengeleghet for alle
- Fokus på funksjonelle løysingar som legg til rette for drift og vedlikehald med særleg tilpassing til klimaet på Vestlandet
- Leggje til rette for god kvalitet på materiale og fokus på berekraft
- Skal kunne nyttast av alle generasjonar
- Folkehelse i fokus
- Fleirbruksformål av offentlege bygg
- Energibruk – innovative løysingar

Aktiviteter

Vi ønskjer å nytte midlane til å dekkje eksterne rådgjevar i prosjektet, som vil vere involvert i alle tre fasar.

Rådgjevaren bør ha eit team beståande minimum av prosjektleiar, arkitektar og landskapsarkitektar. Eit tverrfagleg prosjektteam frå kommunen vil delta på vegne av oppdragsgjevar.

Fase 1 Idémyldring

HA1: Bestemme grunnleggjande kriteriar for møteplassen (byggekostnad etc.)

HA2: Workshop/idémyldring med lokale aktørar og innbyggjarar der brukarane sjølv kjem med sine ønskjer om kva plassen skal brukast til.

HA3: Studietur til minimum to andre møteplassar med tilsvarende funksjonar

HA4: Leveranse i form av eit notat som oppsummerer kva innbyggjarane ønskjer. Dette vert grunnlaget for arbeidet som skal gjennomførast i fase 2. Samordning med teknisk forprosjekt for nytt reinseanlegg

Fase 2 Utvikling av Konsept 1-3

HA5: Konseptutvikling av 3 ulike konsept med funksjonar og utforming basert på innbyggjarane sine ønskjer.

Inkluderer materialval og fokus på berekraftige løysingar. Vurdering og ferdigstilling av konseptdokumentet med involvering frå referansegruppa.

Fase 3 Val av konsept

HA6: Innbyggjarane føretar eit val på bakgrunn av dei tre konseptforsлага som føreligg. Valet vil føregå i form av ei spørreundersøking på Alver kommune si facebook-side. I tillegg vil det vere mogleg å føreta eit fysisk «val» der dei som ønskjer kan stille opp i Knarvik sentrum og velje sin favoritt med stemmesetel og urne.

Tidsplan

Tidsplanen til prosjektet ser slik ut:

- 1.1.2020-1.3.2020: Fase 1 Idémyldring
- 1.3.2020-1.2.2021: Fase 2 Utvikling av konsept
- 1.2.2021-1.3.2021: Fase 3 Val av konsept

Organisering

Prosjekteigar: Lindås kommune
Organisasjonsnr.: 935084733

Prosjektleiar: Helen Gjærde
Epost: helen.gjærde@lindas.kommune.no

Vurdering av søknad

Bygging av nye reinseanlegg har ofte potensiale til å få negativ merksemd og det er positivt at Lindås kommune ønsker å bruke det som en attraksjon og ressurs, i staden for å gøyme det bort. Prosjektet kan bidra til at heile arealet får eit heilskapleg preg der ein lukkast å kombinere det tekniske anlegget med eit universelt utforma friområde med gode kvalitetar. Tiltaket følgjer opp områdeplan for Knarvik og vil bidra til å styrke den sentrale gangaksen og den planlagde kyststien.

Prosjektet syner evne til nytenking og innovasjon, men kan bli krevjande å gjennomføre. Det er difor bra at søknaden viser til god forankring både politisk og administrativt i kommunen. Det er lagt opp til ei omfattande prosess med brei involvering av innbyggjarane og andre lokale aktørar i utviklinga av møteplassen som vil skape forankring lokalt. I denne samanhengen saknar vi at søknaden beskriver opplegg for medverking for menneske med nedsett funksjonsevne. Eit minimum er at brukarorganisasjonane vert invitert. Gå gjerne i samarbeid med det kommunale rådet og til dømes FFO, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon.

Det er lagt opp til at innbyggjarane skal føreta eit val på bakgrunn av dei tre konseptforsлага som vert utarbeida. Valet skal føregå i form av ei spørreundersøking på Alver kommune si facebook-side. I tillegg vil det vere mogleg å føreta eit fysisk «val» med stemmesetel og urne. Vi er spørjande til om desse fora er tilstrekkeleg for å nå ungdommane, og rår til at det vert vurdert fleire plattformar og metodar for å nå denne gruppa.

Kommunen ønskjer å nytte midlane til å dekkje ekstern rådgjevar i prosjektet. Det er lagt opp til at rådgjevaren skal ha eit team rundt seg som vil bidra til fagleg breidd og kontinuitet. Teamet skal bestå av prosjektleiar, arkitektar og landskapsarkitektar. På vegne av oppdragsgjevar, kommunen, skal det vere eit tverrfagleg prosjektteam. I tillegg er det ei referansegruppe som inkluderer organisasjonar, næringslivet, råd, velforeiningar og frivilligheita.

Det er positivt at det knytt brei kompetanse til prosjektet med eksterne rådgjevarar. Vi vil presisere at det vert krav om dokumentasjon på kompetanse innan universell utforming i avtalen.

Det må leggast til grunn at møteplassen og tilkomst skal vere utforma i samsvar med «Dei 7 prinsipp for universell utforming». Prinsippa vart utarbeidet av en tverrfaglig gruppe ved Centre of Universal Design ved North Carolina State University i USA i 1997, og har vore nytta som ein viktig referanse for å lage universelle løysningar i ei rekke land, sidan den gongen.

Dei sju prinsippa gir med dette eit felles utgangspunkt for designprosessen og for å evaluere prosjektet når det er ferdigstilt.

1. Like mulegheiter for bruk: Utforminga skal vere brukbar og tilgjengeleg for personar med ulike evner.
2. Fleksibel i bruk: Utforminga skal tene eit vidt spekter av individuelle preferansar og evner.
3. Enkel og intuitiv i bruk: Utforminga skal vere lett å forstå utan omsyn til erfaringa, kunnskapen, språkevnene eller konsentrasjonsnivået til brukaren.
4. Forståeleg informasjon: Utforminga skal kommunisere naudsnyt informasjon til brukaren på ein effektiv måte, uavhengig av forhold knytt til omgjevnadane eller til brukaren sine sensoriske evner.

5. Toleranse for feil: Utforminga skal minimalisere farar og skader som kan gi ugunstige konsekvensar, eller minimaliserar utilsikta handlingar.
6. Låg fysisk utfordring: Utforminga skal kunne brukast effektivt og hendig med eit minimum av byrde.
7. Storleik og plass for tilgang og bruk: Føremålstenleg storleik og plass skal gjere det muleg med tilgang, rekkevidde, betening og bruk, uavhengig av brukeren sin kroppsstorleik, kroppsstilling eller mobilitet.

Erfaringar og illustrasjoner skal samlas i ein rapport og prosjektet skal presenterast i erfaringsskonferanse i Vestland fylkeskommune.

2. Godkjende kostnadar og godkjend finansieringsplan

Løyvd beløp: 300 000 **Søknadsbeløp:** 300 000

Godkjend kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	SUM
Andre innkjøpte tenester (FoU og konsulentstøtte)	400 000	100 000	500 000	
Møte, kurs og reisekostnader	80 000	20 000	100 000	
Prosjektgjennomføring	80 000	20 000	100 000	
Sum kostnad	560 000	140 000	700 000	

Godkjend finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	SUM
*Støtte fra Hordaland Fylkeskommune	300 000		300 000	
Eigeninnsats frå Lindås kommune	200 000	100 000	300 000	
Eigeninnsats frå næringsliv, frivilligheita, org.	60 000	40 000	100 000	
Sum finansiering	560 000	140 000	700 000	

3. Vilkår for tilskotet

Spesielle vilkår:

- Arbeid med gjennomføring av prosjekt skal utformast i tråd med «Dei 7 prinsipp for universell utforming»
- Erfaringar og illustrasjoner skal samlast i sluttrapport og prosjektet skal presenterast i erfaringsskonferanse i Vestland fylkeskommune etter nærmare avtale
- Det må dokumenterast at det er knytt fagkompetanse innan universell utforming til prosjektet, og det må bli lagt til rette for brei medverknad der menneske med nedsett funksjonsevne er sikra deltaking.
- Sluttrapportering skal vise til gjennomføring av spesielle vilkår for tilskotet

Generelle vilkår:

- Større endringar i prosjektplanen, derunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjekteigar.
- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan dekkja **inntil 42,9 %** av dei godkjende kostnader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønnsmessig avkorta.
- Informasjon om prosjektet kan verte omtala på www.hordaland.no og <https://www.vlfk.no/>

Profilering

- I alle presentasjonar av, og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.
Retningsliner for profilering av Hordaland fylkeskommune; www.hordaland.no/profil

Delutbetaling

- Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no. Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnadar (last opp relevante vedlegg).
- Delutbetaling vil verte gjort i høve til godkjend kostnadsprosent på **42,9 % av akkumulerte kostnadar**, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp på kr 300 000. Resterande beløp vert utbetalta ved prosjektavslutning, sjá neste avsnitt.

Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Straks prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakaren sende oppmoding om sluttutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no under «Ny utbetaling».
- I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport i www.regionalforvaltning.no. Dette må skje innan 01.09.2021.
- Sluttrapporten og sluttrekneskapen skal handsamast av dei styrande organa i prosjektet og godkjennast av prosjekteigar. Signert *Sluttrekneskap for prosjektet* lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling i www.regionalforvaltning.no. Dette gjev formelt grunnlag for endeleg utbetaling av tilseigna.
- Autorisert rekneskapsførar skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn over kr 200 000.
- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalta beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalta tilskot skal betalast attende snarast.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilseigna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i løyvingsreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.

Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen eller på epost til regional@hfk.no

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Andreas Ask

Epost: andreas.ask@hfk.no

Mobil: 45203946

Vi ynskjer dykk lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør Regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift

Vedlegg: Standardvilkår og Sluttrekneskapsskjema

Vi ber om at de signerer og returnerer følgjande standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Standardvilkår for Midlar til universelt utforma møteplassar i regionsentra 2019

Prosjektnamn: Universelt utforma møteplass i Knarvik

Tilsegnsnr.: UU-2019-159 **Løyvd beløp:** 300 000

Vår ref. (arkiv): 2019/14455-10

Følgjande kontrollerast av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: Lindås kommune

Postadresse: Kvernhusmyrane 20,
5914 ISDALSTØ

Org.nr.: 935084733

Kontaktperson: Helen Gjærde

Telefon: - **Mobil:** 91801871

E-post: helen.gjærde@lindas.kommune.no

Sakshandsamar

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Andreas Ask

E-post: andreas.ask@hfk.no

Mobil: 45203946

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Signert standardvilkår av prosjekteigar:

Stad: Dato:

Signatur prosjekteigar:

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen

Eller på epost til sakshandsamar: andreas.ask@hfk.no

MIDLAR TIL UNIVERSELT UFORMA MØTEPlassAR I REGIONSENTRA 2019 SLUTTREKKNESKAPSSKJEMA

Prosjektnamn: Universelt utforma møteplass i Knarvik

Tilsegnsnr. UU-2019-159 Tilskot inntil kr 300 000

Vår ref.: 2019/14455-10

Fyllast ut av tilsegnsmottakar:

Org.nr. _____ Konto.nr.bank/ post _____

Namn: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon/telefaks: _____ E-postadresse: _____

SLUTTREKNESKAP:

Rekneskapen under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta for budsjett (jf. pkt.2 i tilseqnusbrevet).

Kostnader:			Finansieringsplan:		
Budsjettpost	Rekneskap	Budsjett	Kjelde:	Sluttfinansiering	Budsjett
			UU-regionsentra		

Vi stadfester også at sluttrapporten som vert fylt inn elektronisk i www.regionalforvalting.no i forbindning med oppmoding om sluttutbetaling er godkjent av både prosjektleiar og prosjekteigar.

Godkjent av prosjektleiar: _____
dato

signatur og stempel

Godkjent av prosjekteigar: _____
dato _____

signatur og stempel

ATTESTASJON AV REVISOR. GJELD BERRE FOR TILSEGN OVER KR 100 000,-

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for prosjektet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i sluttrekneskapen. Revisor skal utføre kontrollar som gjev tilsegsnytar ei forvissing om at inntektene/ finansieringa og kostnadane i prosjektet er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrerte i rekneskap/ prosjektrekneskap. Tilskotsmottakarar som ikkje er revisionspliktige, kan få rekneskapen attestert av autorisert reknesaksførar.

Avtalte kontrollhandlingar opp mot sluttrekneskapen for prosjektet er gjennomført.

Godkjent av revisor/ rekkneskapsførar:

dato

signature og stempel

Signert sluttrekneskap lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling i www.regionalforvaltning.no